

# Årsrapport Askvoll JFL og Leirduegruppa 2023

---



**Askvoll JFL** Vi har 1 april 2024, 72 betalande medlemer, så tal medlemar har gått noko ned i samanlikna med 2022. Vi får håpe jegerprøvekandidatane som Anne Grethe lærer opp, vil bli nye medlemer.

Styremøte uteblir då vi i styret som oftast møtast på trening, eller via tlf.

Oppbevaring av våpen på bana og kor dei skal oppbevarast, er vi ikkje i mål med endå. Dette skal eg no gjennomføre i løpet av våren, ettersom eg har gått inn i ein lang ferie og har tid til å sluttføre den prosessen. 😊

Anne Grethe & Co har hatt et jegerprøvekurs i løpet av året med god deltaking. På sommaren kom ho og medhjelpar ned frå Nipebu, med ca. 20 – 25 ungdommar som ville skyte litt leirdue på leirduebana.

**Leirduegruppa** Vi starta med pakkeskyting i kulda der 10 stk. møtte opp, Kåre Steinar Leknes drog til med 25 treff, Eirik Leknes 24 treff og Håkon Ekornrud med 23 treff.  
Vi arrangerte 9 stemner totalt. Resultat finn ein på [LEIRDUE.NET](http://LEIRDUE.NET) blir litt mykje å skrive om alt her.

**FM Jegertrap** 1. Oddbjørn Mulen, Førde JFL 2. Arild Gangdal, Eid Jfl 3. Gunnar Leknes, Askvoll JFL.  
Gull i lagskyting til Askvoll JFL.

**Askvoll JFL** vil med det gratulere Arild Grytten med gull i landskampen, som er mellom Norge, Sverige, Danmark, Island og Færøyane (**Askvoll Leirdueklubb** er tilslutta Norges Skyttarforbund).  
Greina er den same som jegertrap i NJFF.

**Klubbmeister** i år 1. Håkon Ekornrud 24 treff 2. Loyd Petter Mandelid 23 treff 3. Gunnar Leknes 23 treff

Vel møtt til ny sesong på leirduebana.

Askvoll JFL -leiar-  
Leirduegruppa -leiar-